

## Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 30.04.2014

*Deltaking til hausten 2014:* Ein del har nemnt at det kan vere at dei får plass på skular i andre land eller delar av landet til hausten. Det kan vere greitt å vete kor mange dette gjeld for og om det er mogleg å framleis delta i Ungdommens fylkesutval.

*Observatør på Troms sitt ungdommens fylkesting i oktober:* Ungdommens fylkesutval har vore bedt som observatørar på Troms ungdommens fylkesting i oktober. Det kan vere naturleg at leiari og nestleiari, som vil vere ansvarleg for arrangementet i Hordaland, deltek. Agnes Hoshovd Bernes tek kontakt med Mads Adrian Hansen for å høyre meir om arrangementet.

*Innleiar på fagdag for Medverknad for barn og unge på Stord 7. april:* Benedicte Hellestveit hadde eit innlegg på ein fagdag på Stord om Medverknad for barn og unge. Ho fekk 15 minuttar og prata om ungdomsmedverknad og Ungdommens fylkesutval. Det er veldig positivt at Ungdommens fylkesutval sine medlemar vert brukt på denne måta.

*Ungt Nettverk sitt seminar Utanforskning og inkludering, 28. april:* Vegard Kleppe og Emma Franck-Gwinnell deltok på seminaret på vegne av Ungdommens fylkesutval. Det var eit lærerikt seminar med moglegheiter for å nettverke. Alle skular har mobbing, så alle har ein moglegheit til å jobbe mot mobbing.

### Vedtak

*Deltaking til hausten 2014:* Dette vert ein sak på neste møte.

*Observatør på Troms sitt ungdommens fylkesting i oktober:* Dette vert ein sak på neste møte.